



| FREDAG 27. APRIL 2018



**SYNFARING:** Plan- og miljøutvalet var onsdag på synfaring hjå Rusomsorg Vest på Nappane, der også naboar fekk gjeve kort greie for sine merknader.

Foto: Ketil Tjøre

# Rus-senter må stoppa drifta

**Rusomsorg Vest  
på Nappane kan  
ikkje driva vidare  
utan først å laga ein  
reguleringsplan for  
senteret.**

Ketil Tjøre  
ket@stavanger.no

Det har to periodar vore mottak for tidlegare rusmisbrukarar på Nappane, først i regi av Evangeliesenteret fram til 2003, og så i regi av Nappane Mottak og Omsorgssenter, i dag Rusomsorg Vest, frå 2009/2010. Ulike bygningar har vore brukt, no er det den tidegare pinsemenigheten Zoar sine lokale som er bustad- og

oppaldsareal for brukarane.

– I dag har me i snitt 7–10 brukarar som bur hjå oss, seier dagleg leiar Steinar Valdersnes, som har vore med i drifta heilt sidan slutten av den ferre perioden der det var Evangeliesenteret som dreiv.

– Konkret så har eg kontakt med 27 personar som har vore her, og som har klart seg vidare utan å enda tilbake i rusmisbruk.

## Må flytta brukarane

Efter vedtaket i Plan- og miljøutvalet onsdag må Valdersnes og Rusomsorg Vest få laga ein reguleringsplan som gjev grunnlag for ei bruksendring av bygningsmassen, frå forsamlingshus til rusomsorg.

– Den planen skal me laga, det

er greitt, seier Valdersnes.

Ufordininga for senteret er at med kravet om reguleringsplan vert dagens drift i prinsippet ulovleg, og dei brukarane som er der i dag må ut.

– Det alternativet me har er å tilby flytting til Tafjord på Sunnmøre, der me har eit ettervernssenter, seier Valdersnes.

Rusomsorg Vest fekk i fjor haust ein toårig dispensasjon frå plankravet, og politikarane gav slik ein mulighet då til å utarbeida planen og retta eventuelle manglar parallelt med drifta.

Denne dispensasjonen har Fylkesmannen kjent ugyldig. Onsdag skulle medlemmene i PMU avgjera om dei ville stå på kravet om reguleringsplan, og det vart vedteke mot KrF

sine tre representantar.

Til saksframlegget som politikarane fekk på bordet onsdag var det nærare åtti vedlegg med argument for og i mot drifta på Nappane.

## Etterlyser utgreiing

I nabomerknadene vert det etterlyst at føremoner og ulempar vert utgreidde i ein reguleringsprosess før det vert gjeve løyve til bruksendring. Det er ein slik plan Rusomsorg Vest må laga no, og dei må også skissera om loysingane for vasstiforsel og kloakk er tilstrekkelege.

– Me har konkakte planar om nytt kloakkanlegg, med eige reinseanlegg, seier Valdersnes.